



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Svein Kornerud, 5557 2027

Oversending av motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard - Alver kommune - Vestland fylkeskommune

Vi sender med dette reguleringsplan for Meland gamle kyrkjegard i Alver kommune, tidlegare Meland kommune, med motsegn til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi seier oss leie for at det har tatt noko tid å få forberedt saka for oversending til departementet.

Vi viser til at vi med brev av den 06.06.2021 sendte til departementet ei anna sak om motsegn til reguleringsplan i Alver kommune. Det var motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland til reguleringsplan Hamneset gnr. 220/10 m.fl. i Alver kommune. Vi gjer merksam på dette for det tilfellet at departementet skulle ønske å samordne noko av sakshandsaminga i desse. Sakene har også det til felles at begge planforslaga manglar alternativ vurdering for å løyse planutfordringane. Vi ser det som relevant for motsegna i begge sakene og for eventuelt å kunne løyse desse.

Vestland fylkeskommune ved kultur, idrett og integrering har motsegn til planen pga. omsyn til kulturminne knytt til gamle Meland kyrkje, kyrkjegardsmuren rundt kyrkjegarden ved kyrkja.

Vi ser ikkje saka som ferdig mekla, men har ikkje sett grunnlag for å fortsette meklinga på grunn av fleire vedtak i Alver kommune om å sende saka til departementet for endeleg avgjerd, sjå nærare om det nedanfor.

Saksframstilling og dokumenta i saka

Alver kommune sendte saka til Statsforvaltaren med brev av 25.03.2021 med vedlegg. Kommunen har i brevet ei punktvis oversikt over saksgangen og dokumenta i saka med dokumentliste. Der vi nedanfor viser til dokument i saka, nyttar vi vedleggsnummeret i brevet og framstillinga frå Alver kommune.

Alver kommune gir i brevet ei framstilling av kva som er tvistepunktet og også sitt syn i saka. Vi viser til at kommunen i brevet gjer gjeldande at vilkåra ikkje ligg føre for at Vestland fylkeskommune kan fremme motsegn i saka. Elles skildrar kommunen forholda på staden og slik ein ser på tvisten.



Tvisten gjeld kva for verknad ny veg vil ha langs den gamle kyrkjegardsmuren rundt kyrkjegarden ved Meland kyrkje. Saka har vore konsentrert om dette. Men vi viser også til vår gjennomgang om kva som er planutfordringa og plantema, og vidare kva som kan vere alternativ løysing.


Plansituasjonen

Saka gjeld den gamle kyrkjegardsmuren rundt Meland kyrkje. Det ligg føre ein gamal reguleringsplan for området frå 1992. Den viser utviding av kyrkjegarden, omlegging av fylkesvegen som i dag går langs kyrkjegarden og ny tilkomst rundt kyrkjemuren for bustadene bak kyrkja. Etter at denne reguleringsplanen var vedtatt, fekk Meland kyrkje vernestatus som listeført.

Området er omfatta av kommuneplanens arealdel vedtatt den 16.10.2019 av tidlegare Meland kommune, der kyrkjegarden med gravplassar er vist som eksisterande grav- og urnelund, med ny gravplass like nord for den eksisterande. Vi gjer merksam på at plandokumenta for reguleringsplanen, m.a. moglegheitstudien og planomtalen, legg til grunn den tidlegare kommuneplanen der den eldre reguleringsplanen for området skulle gjelde føre kommuneplanen. Det gjeld ikkje i noverande kommuneplan av 2019, etter at dette reguleringsplanarbeidet starta opp. Vi viser elles til vår vurdering av den eldre reguleringsplanen frå 1992 nedanfor.

Vi gjer merksam på at det er to eldre kyrkjegardar på staden, og begge er omtalt i saka. Det er den aktuelle eldre kyrkjegarden knytt direkte til Meland kyrkje. Vidare er det ein kyrkjegard frå mellomalderen like ved. Denne er automatisk freda som kulturminne, sjå føresegna til kommuneplanens arealdel pkt. 4.4.2 H730_1 Meland kyrkjegard. Vi viser til kartutsnittet nedanfor. Her er mellomalderkyrkjegarden markert og vist med R. Sjølv Meland kyrkje er vist med gult og symbol. Rundt kyrkja, vist som ein trekant med grønt, er den eldre kyrkjegarden med kyrkjegardsmuren som er aktuell i saka. Vi viser elles også til planomtalen for reguleringsplanen side 16, figur 5-7.

Fylkesvegen er vist med oransje farge. Gjennomgangsvegen, Bjørnestadvegen, til fem bustader på Bjørnestad er grå og går rett aust for sjølv kyrkja og den tilhøyrande eldre kyrkjegarden. Noverande parkeringsplassar for kyrkja er vist som kvitt langs og ut frå Bjørnestadvegen. Det er to parkeringsplassar, ved krysset fylkesvegen – Bjørnestadvegen og like ovanfor og aust for kyrkja.





Tema i saka

Kommunen vil leggje om Bjørnestadvegen som er tilkomst til fem bustader på Bjørnestad. Veggen går i dag som vist ovanfor, mellom kyrkja og parkeringsplassane og dei nyare gravplassane og der gravplassen skal utvidast i vest. Kommunen vil leggje denne tilkomststvegen rundt, på nordsida av, den eldre kyrkjegarden og langs utsida av kyrkjegardsmuren. Vestland fylkeskommune, tidlegare Hordaland fylkeskommune, finn at denne traseen vil vere uheldig og i strid med opplevinga av kyrkjegarden med den eldre muren.

I tillegg ønskjer kommunen å endre tilkomsten for drift av den eldre kyrkjegarden frå ein tilkomst rett frå fylkesvegen til den nye veggen frå nordsida av kyrkjegarden. Det fører til ei endring av kyrkjegardsmuren med ny tilkomst her. Fylkeskommunen har av kulturomsyn motsegn til begge delar i planforslaget.

Motsegna og grunngjevinga av motsegna

Hordland fylkeskommune ved utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde den 11.09.2019 følgjande vedtak, kor pkt. ein er motsegn og pkt. to er ein vesentleg merknad som også har verknad for motsegna:

- 1 *Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.*
- 2 *Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnefagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkelig omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.*

Hordland fylkeskommune har grunngitt motsegna med følgjande, sjå innstilling og saksframlegg til utvalet som vedlegg til fylkeskommunens brev av 17.09.2019:

«Fylkesrådmannen meiner at planforslaget som no er lagt fram vil få ein negativ verknad på det samla kulturmiljøet som mellomalderkyrkjegarden og den listeførte kyrkja med tilhøyrande gravplass utgjer. Omlegging av Bjørnestadvegen, med trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen, vil ligge heilt i kant med omsynssone H570_1, der det skal takast særleg omsyn til bevaring av kulturmiljøet. I denne omsynssona ligg Meland kyrkje, som er listeført og har nasjonal interesse. Denne omlegginga av Bjørnestadvegen vil føre til at kyrkjestaden vert inneklemt av veganlegg på alle sider og vil ha skjemmande effekt og negativ verknad både på kyrkjegarden som kulturminne og på det samla kulturmiljøet som kyrkja og gravplassen er ein del av. Fylkesrådmannen finn at ei omlegging av Bjørnestadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet.

Fylkesrådmannen meiner det er uheldig at planområdet ikkje er utvida, då ein i ny plan legg opp til ei vidareføring av Bjørnestadvegen, slik den er regulert i planen frå 1992. Den eldre planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til kulturmiljøet av høg regional og nasjonal interesse og verdi i området. Ein rullering av heile planen frå 1992 er etter vårt syn naudsynt for betre å ivareta kulturmiljøet i området.»

Og vidare at:

«Det er innafør reguleringsplanen lagt inn to omsynssoner bevaring av kulturmiljø, ein av desse er omsynssone H570_1 som gjeld den listeførte kyrkja (Askeladden-ID 84933) med tilhøyrande gravplass.



Den andre omsynssona, H570_2, er det gamle kommunehuset (noverande kyrkjestove) og ei gøt (gangveg med mur på begge sider) som går ned mot kyrkja. Det samla kulturmiljøet har gjennomgåande murstrukturar som set eit viktig preg på landskapet. Sørvest for den listeførte kyrkja og gravplassen i omsynssone H570_1, ligg Meland gamle kyrkjestad, Askeladden-ID 156372. Dette er eit heilskapleg anlegg, og landskapsrommet er med å binde desse to anlegga saman.»

«Dei listeførte kyrkjene er definert å ha nasjonal interesse, og blir i praksis handsama som å ha nasjonal verdi, som freda bygg. Meland kyrkje vart listeført på 1990-talet, etter at reguleringsplanen frå 1992 vart vedteken. I plan- og bygningsloven § 11-8 tredje ledd bokstav f), heiter det at når bruk av omsynssone for gjeldande reguleringsplan skal vidareførast, skal kommunen vurdere planen opp mot nasjonale og regionale interesser.»

«Fylkeskommunen finn at ei omlegging av Bjørnstadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet, og være i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.»

Sakshandsaminga i kommunen

Alver kommunestyre gjorde den 18.02.2021 følgjande vedtak i saka:

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

Kommunen viser her til sitt vedtak av 14.05.2020 som lyder:

«Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnstadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.»

Vi viser til at Alver kommune med desse vedtaka ikkje har vedtatt reguleringsplanen, berre at den skal sendast til departementet for endeleg avgjerd, og at kommunen ikkje imøtekjem motsegna. Statsforvaltaren forstår vedtaket slik at kommunen vil legge til grunn forslaget til reguleringsplan for tiltaka som er vist i denne. Dette er ei naturleg forståing av vedtaket, sjølv om kommunen ikkje har vedtatt planen.

Vi kan ikkje sjå at det er juridisk uriktig av kommunen å gjere eit slikt vedtak. Det er opp til kommunens vurdering korleis ein vil handtere situasjonen med motsegn. Det er riktig nok mest vanleg at kommunane vedtar reguleringsplanane, også kor det er motsegn, men utan rettsverknad for dei delane av planen som det er motsegn til. Om motsegna gjeld for klart avgrensa delar av planen, kan kommunen vedta resten av planen med rettsverknad, jf. pbl. § 12-13 første ledd andre setning. Kommunen kan naturlegvis la vere å nytte denne lovføresegna.

Dialogmøte

Det var dialogmøte den 16.08.2019 mellom partane der også Statens vegvesen deltok. Det var lagt fram nokre forslag til løysing utan at partane blei einige. Vi viser til referatet som er vedlegg 4 til kommunens brev av 25.03.2021.



Partane hadde nytt dialogmøte den 07.10.2019 etter at fylkeskommunen hadde fremma motsegn. Også dette møtet var berre mellom partane, men no også med politiske leiarar både frå kommunen og fylkeskommunen. Det synest ikkje å vere fremma forslag til løysing i møtet. Vi viser til referatet.

Mekling

Det har vore to meklingsmøte med Statsforvaltaren i Vestland i saka, den 12.12.2019 og den 04.12.2020.

I meklingsmøtet den 12.12.2019 blei partane ikkje einige, men drøfta følgjande, sjå vårt brev av 19.02.2020:

«Det vart lagt fram forslag til ein noko enklare vegstandard i foreslått trase, og der partane måtte vurdere anna vegdekke og føresegner for det. Det måtte partane undersøke og vurdere nærare, og trong tid utanom meklingsmøtet til slike avklåringar. Det blei avtalt at kommunen og fylkeskommunen har kontakt med kvarandre utanom og i forlenging av denne meklinga.»

Partane blei ikkje einige i kontakten seg imellom. Kommunen vedtok da å sende saka til departementet til avgjerd. Vi gjorde kommunen merksam på at saka ikkje var mekla ferdig og inviterte til ytterlegare mekling, sjå vår e-post av 26.05.2020. Vi såg saka som eigna for å mekle vidare.

Den vidare meklinga den 04.12.2020 gav følgjande resultat, sjå vårt brev av 07.12.2020:

«Det var mekla om vegløyisinga. Partane la fram sine syn. Ein vart samde om følgjande for vegløyisinga:

- *Det skal vere to vegar.*
- *Den noverande vegen som går framom kyrkja, skal vere hovudvegen til og forbi kyrkja og til gravplassane. Denne vegen skal stå fram som det naturlege førstevalet med plassering, utforming av avkøyrsla, standard på sjølve vegen og eventuelt skilting.*
- *Denne hovudvegen forbi kyrkja skal ha skilt som viser at det ikkje er gjennomkøyring til andre eigedommar når det er arrangement i kyrkja. Det skal då visast til den alternative vegen. Skiltet skal vere dekt til når det ikkje er trong for ordninga med alternativ veg og står avdekt når det er arrangement i kyrkja. Kyrkja sørger for å organisere av- og tildekking.*
- *Det skal etablerast ein ny veg som avlastingsveg nord for og langs kyrkjemuren. Dette er ein avlastingsveg som berre skal nyttast for gjennomkøyring til andre eigedommar ved arrangement i kyrkja, sjå ovanfor. Denne vegen skal visuelt ha eit grasdekke. Kommunen må sørge for at det blir vedlikehalde.*

For konklusjonen i meklinga spesifiserte ein ikkje detaljane i vegoppbygginga for avlastingsvegen. Fylkesmannen viser som meklar til det forslaget som låg til grunn for vurderingane som partane skulle gjere etter første meklingsmøte, og som var grunnlaget for meklinga no. Vi oppfattar det slik at det er ei slik vegløyising som er grunnlaget for meklingsresultatet.

Meklinga førte fram for det som det vart mekla om. Motsegna frå Vestland fylkeskommune til dette punktet fell bort dersom Alver kommune vedtek planforslaget i samsvar med meklingsresultatet.»

Vi rakk ikkje å mekle ferdig pga. tida. Det stod att eit mindre punkt om å bli samde om alternativ tilkomst til den gamle kyrkjegarden for drift av denne. Vi bad partane om å ha kontakt for å finne løysing også på dette punktet. Dersom partane ikkje lukkast med det, minte vi om at saka måtte meklast ferdig før saka kunne sendast til departementet.



Alver kommune ved administrasjonen foreslo i brev av 08.12.2020 til Vestland fylkeskommune at: «Ny tilkomst for drift via o_SV3 vert teken ut av planen, mot at dagens tilkomst via fylkesvegen ikkje vert steng så ein slepp og flytta eller riva eksisterande garasje.» Fylkeskommunen svarte i brev av 17.12.2020 at ein ikkje ville krevje at dagens driftstilkomst vart stengt. Kommunen og fylkeskommunen var med dette administrativt einige om ei løysing også for driftstilkomsten til kyrkjegarden.

Alver kommune ved kommunestyret vedtok den 18.02.2021 å sende saka til departementet for endeleg avgjerd, sjå ovanfor. Vi forstår det slik at kommunen med det ikkje godtek meklingsforslaget eller andre løysingar i saka enn det går fram av kommunen sitt planforslag, sjå våre merknader ovanfor.

Vi gjer merksam på at vi ikkje ser motsegna som ferdig mekla. Men etter dei gjentekne vedtaka i Alver kommune ved kommunestyret om å sende saka til departementet, har vi ikkje sett grunnlag for å halde fram meklinga.

Om motsegna gjeld forhold av nasjonal og/eller regional interesse

Kommunen skriv i sitt oversendingsbrev av 25.03.2021 at ein ikkje ser at motsegna er grunnlagt i nasjonale eller regionale rammer og mål og synest derfor å meine at motsegna ikkje er gyldig. Vestland fylkeskommune og tidlegare Hordaland fylkeskommune har fleire gonger vist til at Meland kyrkje har vernestatus som listeført bygg og som det har den nasjonal interesse. Den eldre og næraste kyrkjegarden rundt kyrkja med kyrkjegardsmuren er ein viktig del av kyrkja og oppleving av den og staden. Heilskapen i opplevinga av kyrkja med den nære kyrkjegarden og muren er derfor av nasjonal og vesentleg regional interesse.

Statsforvaltaren er einig med fylkeskommunen i dette. Vi har også handsama saka ut frå at det gjeld nasjonale interesser. Statsforvaltaren finn at motsegna gjeld nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser slik at ein ikkje kan sjå bort frå motsegna på eit slikt grunnlag.

Naturmangfald

Planomtalen har omtale av naturmangfald i pkt. 5.5 på side 14 og øvst på side 15. Vi finn ikkje andre registrerte observasjonar på Artsdatabanken i Vestland fylkesatlas. Det synest ikkje som tiltaka etter dette vil røre ved naturmangfald, og vi har ikkje ytterlegare merknader til det.

Statsforvaltarens vurdering av saka og av alternativ

Vi seier oss leie for at det ikkje blei mogleg å mekle vidare i saka. Vi har vurdert saka både i handsaminga vår fram til mekling og no i ettertid for innsending til departementet. Vi ser fleire løysingar enn det som har vore drøfta til no.

Vi viser til at partane kom fram til einigheit i meklinga. For det mindre resterande punktet kom partane også administrativt til einigheit. Saka kunne bli løyst med dette. Etter dei politiske vedtaka om ikkje å akseptere meklingsløysingane, har vi som meklar ikkje funne grunn til å mekle vidare. Vi ser at det vil kunne vere andre løysingar for motsegna, og meiner at motsegna kunne ha vore løyst med det. Men då måtte kommunen vere innstilt på å halde fram meklinga.

Om den eldre reguleringsplanen frå 1992

Omlegging av Bjørnstadvegen til den traseen som er lagt til grunn i reguleringsplanforslaget no, følger også av reguleringsplanen av 1992. Det er vist til denne i både moglegheitstudien og planomtalen for vegomlegginga.



Det er tale om ein eldre reguleringsplan frå 1992. Den er ikkje oppheva, men gir andre løysingar for parkering og for omlegging av fylkesvegen. Den er frå før Meland kyrkje vart listeført. Vi vurderer planen for å vere gammal og at det ligg føre endra forhold som gjer at den eldre reguleringsplanen skulle ha vore revidert tidlegare og vanskeleg kan gje føringar for å løyse dagens planutfordringar ved kyrkja. Planen må vurderast opp mot dagens syn på kulturomsyna ved kyrkja og nye og endra vurderingar av planomsyna. Etter referat frå møtet den 16.08.2019 opplyste vegvesenet om at eventuell omlegging av fylkesvegen ikkje er forankra økonomisk eller for gjennomføring. Det er spørsmål om den eldre reguleringsplanen er aktuell for denne delen. Vi peiker på at reguleringsplanen er frå 1992 og nær 20 år for gammal til å gi grunnlag for eventuell oreigning for veggen.

Vi meiner at reguleringsplanen frå 1992 skulle ha vore revidert tidlegare. Vi vurderer at denne planen no er for gammal til å kunne nyttast som grunnlag for dei aktuelle tiltaka og dei planutfordringane som er på staden.

Omlegging av vegframkomst til Bjørnestad

a Løysing som resultat av meklinga

Partane var i meklinga einige om den løysinga som er gitt att ovanfor frå meklinga den 04.12.2020. Det ville ha vore ein veg som kunne ha vore mindre synleg og med preg av ein landbruksveg, med eit grønt preg.

Det går fram av dei dokumenta som kommunen sender over i saka, at forslaget har vore gått igjennom administrativt i kommunen.

Meklingsforslaget er lagt fram for Alver kyrkjelege fellelsråd som gav ei fråsegn som er tatt inn som vedlegg til framlegget av 21.12.2020 til 4. gongs handsaming i kommunen, sjå vedlegg 18 til kommunens oversendingsbrev av 25.03.2021. Fellelsrådet gav her sin tilslutning til forslaget om alternativ veg, at «*grasarmert veg frå Bjørnestad nord for nedre kyrkjegard kunne fungere godt*» og vidare at:

«Framlegg til skilting er godt, men for dei som skal ha ansvar for tilstellingar vil det bli unødvendig mykje arbeid å dekke til og dekke av eit skilt ved alle arrangement. Vi ønskjer heller at skiltet alltid står oppe, og at ein i tillegg set fram gatebukkar eller liknande når det er venta mykje folk til arrangementet eller gravferder, der gravfølget må krysse kyrkjetunet.

Det ville vera ei praktisk god løysing å ha tilkomst til nedre gravplass via grasarmert veg. Men dersom dette skapar problem for gjennomføring av prosjektet, så er det inga økonomisk ulempe å bruka inngang frå hovedveg – slik det vert gjort i dag. Den praktiske ulempe er at trafikken vert hindra når bilar og lastebilar skal ryggja inn på gravplassen med utstyr.»

Alver kyrkjelege fellelsråd finn altså at meklingsløysinga vil kunne fungere godt for kyrkja og arrangementa der med ei mindre endring. Det er ei endring som vi finn ligg innanfor meklingsresultatet og dei rammene som er sett der. Vi ser ikkje bort frå at det også er eit forslag som kan løyse utfordringane med den interne trafikken innan kyrkjegarden og gravplassane til same tid, sjå nedanfor.

Meklingsforslaget har også vore lagt fram for driftsavdelinga i Alver kommune. Driftsavdelinga har gitt ei fråsegn den 28.01.2021, sjå innhaldet i framlegget av 21.12.2020 til 4. gongs handsaming i kommunen. Avdelinga seier at dei ikkje har erfaring med ein slik type veg og finn det vanskeleg å sette pris på vedlikehaldet. Dei meiner at det er avhengig av kor stor trafikken blir på veggen og legg



til grunn at det blir dagleg trafikk på vegen. Avdelinga viser elles til eit anslag om kva som vil vere nødvendig vedlikehald og finn at det kan reknast med kr. 50.000 per år for vedlikehaldet.

Driftsavdelinga gjer uttrykk for at dette er eit relativt laust anslag, då ein er usikker på omfanget av bruk og vedlikehald. Vi finn det noko uklårt kor stor vegbruk driftsavdelinga legg til grunn for sin fråsegn. Det bygger på ein dagleg bruk, kanskje som hovudtilkomsten for Bjørnestadvegen. Det er i strid med meklingsresultatet. Vi minner også om at det er tale om tilkomstveg for berre fem bustader. Vi kan ikkje ta stilling til kva som vil kunne vere sannsynlege driftskostnader for vegen, men synest at det vil vere grunnlag for kommunen til å vurdere nærare kva som kan vere nødvendige kostnader til en veg til berre fem bustader og med ein avgrensa bruk, ikkje hovudtilkomsten til bustadene.

Det går ikkje fram av saksdokumenta kva Alver kommune har lagt vesentleg vekt på i sitt vedtak om ikkje å legge til grunn meklingsresultatet i saka. Kyrkja synest å kunne akseptere meklingsresultatet, sjå ovanfor. Det kan ikkje sjåast å vere omsynet til kyrkja og arrangement i kyrkje som gjer at kommunen ikkje vil godta meklingsresultatet.

Dersom vedtaket om å sende saka vidare skulle ha samanheng med driftskostnadene for vegen eller anna eventuell ulempe med tilleggsvegen, kan det vere grunn til å sjå nærare på andre løysingar.

Vi kan vanskeleg sjå anna enn at meklingsresultatet kan gi løysing for motsegna som ei god løysing for begge partar slik som planen er utarbeidd. Saka kunne ha vore løyst med dette. Det er det resultatet som ligg nærast opp planforslaget.

b. andre planløysingar - Plantema og planutfordringa

Utgangspunktet for meklinga har vore ei avlastingsveg for Bjørnestadvegen som også tok omsyn til kyrkjegardsmuren og miljøet rundt kyrkja. Då partane i meklingsmøtet var einige om ei løysing, var det ikkje grunnlag for Statsforvaltaren å mekle om andre løysingar. Når kommunen vel å ikkje vedta meklingsresultatet, finn vi grunn til å sjå nærare på andre løysingar. Det er løysingar som vi kunne ha foreslått for partane i ei ytterlegare mekling. Sidan vi har forstått at kommunen ikkje ønskjer vidare mekling har det ikkje vore mogleg for oss å fremme andre løysingar for partane. Kommunen vil at departementet skal ta endeleg stilling til reguleringsplanen. Departementet står fritt til å vedta andre løysingar i reguleringsplanen. Vi finn derfor grunn til å gjere departementet merksam på andre moglege løysingar.

Reguleringsplanen gjeld først og fremst utviding av gravplassane knytt til Meland kyrkje. Det er løyst i planforslaget og ikkje tema for motsegna. Motsegna gjeld omlegginga av Bjørnestadvegen, vegen som går langs med parkeringsplassane til kyrkja og kyrkjegarden og er tilkomstveg for fem bustader.

Det har vore vurdert alternativ for hovudtemaet i planen om stad for utviding av gravplassane. Desse alternativa har hatt noko verknad for Bjørnestadvegen, men utan at vi kan sjå at det har vore sjølvstendig vurdert andre alternativ for Bjørnestadvegen og for å løyse motsegna. Til dømes seier ein i moglegheitstudien for alternativ B at forslaget «*legg opp til at Bjørnestadvegen liggjande i same trase som i dag, men at ein ryddar opp i parkeringssituasjonen.*» Her viser ein til kva som er utfordringa, sjå nærare nedanfor.

For vegen synest ein berre å ha lagt til grunn løysinga i den eldre reguleringsplanen frå 1992. Som vi har peika på ovanfor er det ein eldre plan som det er grunn til å oppdatere. Særleg med dei merknadene kommunen har fått frå fylkeskommunen og som resulterte i ei motsegn, har kommunen hatt særskilt grunn til å vurdere andre alternativ.



Det er vesentleg å sjå kva som er plantema/planutfordringane som ligg bak som trongen for omlegging av Bjørnstadvegen. Det er skildra fleire stader i saksdokumenta, sjå nedanfor.

I moglegheitstudien som ligg til grunn for reguleringsplan, heiter det nedst på side 21, pkt. 6:

«Kyrkja og kyrkjegarden ligg i krysset mellom fv 244 og Bjørnstadvegen. Bjørnstadvegen skil kyrkja og utvidinga oppom vegen (aust for kyrkja). Ved gravferder er det parkering nærmast kyrkja, langs Bjørnstadvegen. Det hender at vegen blir meir eller mindre stengd av 'villparkering' slik at dei som bur langs denne vegen ikkje kjem seg fram. På grunn av dette har det vore skissert løysingar der ein legg Bjørnstadvegen i ny trase nord for kyrkja.

Fv 244 går langsmed kyrkjegardsmuren i sør. Det er ikkje særleg stor trafikk på vegen, om lag 300 ÅDT. Vegstrekket er smal, men oversiktleg.»

I planskildringa går det fram på side 11, pkt. 5.2.1 at gravplassen har tre parkeringsplassar, ein stor og to små. Planskildringa gjentar på side 19, pkt. 5.9, utfordringa med parkering:

«Bjørnstadvegen skil kyrkja og gravplassen aust for kyrkja. Ved gravferder er det ikkje nok parkeringsplassar så det vert parkert langs Bjørnstadvegen. Det hender at vegen blir meir eller mindre stengd av 'villparkering' slik at dei som brukar denne vegen som tilkomstveg ikkje kjem seg fram.»

Utfordringa kjem også fram i intern uttale frå kyrkja før mekling, sjå «Uttale til reguleringsplan for Meland kyrkjegard» av den 05.06.2020 med overskrift «Kvifor ikkje gjennomkøyring i kyrkjetunet?». Uttalen gjeld svar på ei type vegsperring ved arrangement i kyrkja. Men den skildrar også utfordringane slik som kyrkja ser dei:

«Det blir ofte kryssande behov mellom dei som bur på Bjørnstad sine behov for å køyre gjennom kyrkjetunet og brukarar av Meland kyrkje og kyrkjegard sine behov for å gå til bilane, ut- og innkøyring og parkering

- o Fulle parkeringsplassar som fører til at ein parkerer i alle vegkantar, også ned mot Bjørnstad. Parkerte bilar blokkerer tidvis anna trafikk, også på fylkesvegen.*
- o Krasjande trafikkavvikling ved ut- og innkøyring til arrangement*
- o Køyretøy som skal til og frå Bjørnstad som hamnar uforvarande midt i eit gravfølge som er på veg frå kyrkja til gravplassen eller til bårebil når det er bisetting.»*

Desse skildringane av utfordringa, plantemaet, som skal løysast, er i stor grad samsvarande. Det er først og fremst tale om manglande parkeringsplassar ved større arrangement i kyrkja. Som følge av det oppstår det sokalla vill-parkering som kan sperre Bjørnstadvegen, vere til ulempe for den interne inn- og utkøyringa ved arrangement og til tider også vere til ulempe for trafikken på fylkesvegen. I tillegg er det ulemper med gjennomkøyring og at folk må gå til og frå parkeringsplassen.

Vi viser til flyfotoet nedanfor. Vi ser her Meland kyrkje om lag midt på fotoet og med den gamle kyrkjegarden i ein trekant mot venstre, samanlikn dette med plankartet for å få oversyn over dei faktiske forholda. Kyrkja har inngangsparti mot den gamle kyrkjegarden, slik at veg og parkeringsplass er på baksida av kyrkja. Det er ein gangveg frå inngangspartiet langs kyrkja og til vegen. Fylkesvegen er på nedsida av den eldre kyrkjegarden og har ein 90 graders sving ved innkøyringa til kyrkja. Den første parkeringsplassen, o_SPA2 i planen, ligg langs tilkomstvegen her. Den større parkeringsplassen, o_SPA1 i planen, ligg like bak kyrkja, om lag som ei rett line ut frå denne.



Bjørnstadvegen går vidare nord for kyrkja og svingar av, SV4 i planen. Det er ein plass like ved kyrkja på andre sida av Bjørnstadvegen og den store parkeringsplassen, o_BNG2 i planen. Vi forstår det slik at det er til parkering for tilsette og rørslehemma og for drift av kyrkja, sjå føresegna pkt. 4.1.3.2.



Slik som utfordringane er skildra, er det mangel på parkeringsplassar i nærleiken av kyrkja ved større arrangement. Det skapar også problem for gjennomkøyring. Likevel inneheld ikkje planforslaget ei utviding av parkeringsplassane, t.d. ei forlenging av den store parkeringsplassen. Det er foreslått ein ny parkeringsplass, o_SPA4, i den øvre delen av området og som inngang til det nye gravplassfeltet. Det er meint som parkering for dei som skal vitje gravplassar her, jf. føresegnene til planen pkt. 4.2.10 c. Vi kan ikkje sjå at det er lagt opp til utviding av eksisterande parkeringsmoglegheiter utover nokre plassar tilpassa utvidinga av gravplassane.

Planforslaget løyser derfor ikkje utfordringane med parkering og vill-parkering.

Vi må også legge til grunn at det vil kunne vere eit tema at besøkande kjem og dreg til litt ulik tid med tilpassing av køyring og gange til og frå parkeringsplass. Folk vil besøke staden av ulike grunner, for arrangement i kyrkja og m.a. for å vitje gravplassar. Dette er einaste kyrkja i tidlegare Meland kommune og einaste gravplassen. Vegen opp til den nye delen av gravplassen, sjå o_SV2 på plankartet, skal vere prosesjonsveg ved gravferder, jf. føresegnene pkt. 4.2.3. Men vegen er også tilkomst til parkeringsplassen o_SPA4 for vitjing av gravplassane her. Her kan det oppstå kolliderande bruk.

Vi peiker på at det vil vere anna kolliderande bruk av vegareala og plassane knytt til kyrkja. Det gjeld også for Bjørnstadvegen og området rundt kyrkja. Bjørnstadvegen er tilkomstveg for fem bustader. Vi finn grunn til å stille spørsmål om kor mykje trafikk det er tale om på denne vegen som gjennomgangstrafikk til dei fem bustadene. Vi stiller også spørsmål om dette både for den faktiske gjennomgangstrafikken i seg sjølv, og kor mykje den vil vere samanlikna med den interne trafikken på vegane ved større arrangement og dei kollisjonspunkta som denne kan skape.

På bakgrunn av dette tenkjer vi at motsegna kan løysast ved å la Bjørnstadvegen ligge slik den er i dag, og sjå nærare på parkeringsutfordringane ved kyrkja, jf. det uttalte under alternativ B i



moglegheitstudien: «*Framlegget legg opp til at Bjørnstadvegen liggjande i same trase som i dag, men at ein ryddar opp i parkeringssituasjonen.*» Plandokumenta peiker tydeleg på at det er parkeringssituasjonen som er utfordringa for gjennomgangstrafikken til bustadene på Bjørnstad.

Det mest nærliggande vil kunne vere å utvide den store parkeringsplassen, o_SPA1 i planforslaget. Dersom en vil unngå at gåande til og frå denne skal krysse Bjørnstadvegen og trafikken på denne, kan ein vurdere å flytte vegen inn over noverande parkeringsplass og å legge parkeringsplassen nord, på utsida, for vegen. Her er det også rom for å utvide parkeringsplassen. Då vil gåande til og frå parkering og kyrkja halde seg på same side av Bjørnstadvegen og også kunne haldast heilt unna denne. Ein vil også kunne få eit større område for at folk kan møtest og eventuelt ha arrangement utanom, og det kan vere skilt frå Bjørnstadvegen. Utfordringane med interne ferdsel innan kyrkjegarden som vi peiker på ovanfor, vil vere her uansett desse løysingane. Det vil særleg vere ved større arrangement. Det er spørsmål om kor mykje meir trafikk som tilkomsten til fem bustader fører til.

Det er ikkje Statsforvaltaren si oppgåve å planlegge i saker som dette. Kommunen er ansvarleg for planlegginga og planen. Vi ser det slik at kommunen trakk seg frå meklinga før saka var mekla ferdig. Men dersom kommunen hadde kome tilbake til meklinga, kunne vi ha vist at her er andre alternativ. I vår innstilling til departementet ser vi det også som vår oppgåve å vise til løysingar og eventuelle alternativ. Vi understrekar derfor at det er alternativ for å løyse den aktuelle planutfordringa.

Kommunen har ikkje fått utgreidd alternativa for Bjørnstadvegen. Vi kan heller ikkje sjå at forslaget til reguleringsplan svarer ut planutfordringa, sjølv plantemaet for Bjørnstadvegen. Det er peikt på vanskar med passering pga. vill-parkering og manglande parkeringsplassar knytt til og nært kyrkja. Vanskane med parkering synest å ville vere der framover, sjølv om Bjørnstadvegen blir lagt om.

Innstilling frå Statsforvaltaren

Vi innstiller på at departementet tar til følgje motsegna frå Vestland fylkeskommune, tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Som vi har vist ovanfor er det fleire moglege løysingar på motsegna og som vil kunne løyse det som er den aktuelle planutfordringa/plantema. Departementet kan vedta slik løysing, men treng etter vår vurdering heller ikkje å ta stilling til desse. Dersom departementet tek motsegna til følgje, må kommunen finne ei anna og varig løysing for vegen.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Svein Kornerud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG